



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 17. mars 2014

Olje- og energidepartementet
v/NVE

KLAGE – HENNAELVA KRAFTVERK I HALSA KOMMUNE


Vi viser til konsesjonsvedtak av 24.2.2014, dykkar ref. 2000903891-29, mottatt 27.2.2014

Naturvernforbundet klager med dette på vedtaket. Vi meiner saka har manglar knytt til kunnskapsgrunnlaget vedkomande det biologiske mangfaldet, og at dette har ført til feil vedtak.

Naturvernforbundet arbeidar spesielt med biologisk mangfald og friluftsliv. Vi kan på førespurnad gjere nærare greie får vår rett til å klage.

1. Dokumentasjon av biologisk mangfald

I vår fråsegn av 3.9.2013 peika vi på at det ikkje er teikn på at det har vore biolog som har gått nede i vassdraget på ein vesentleg del av strekninga. Etter at vi har sett Sweco sitt notat av 13.9.2013 med vurderingar rundt dette, fann vi det nødvendig å bruke ein del meir tid på denne delen av vassdraget. Følgjeleg har vi no sett den delen av vassdraget som Sweco ikkje meinte var nødvendig å sjå på anna enn på avstand gjennom tett lauvskog.



Naturvernforbundet har no gått elvestrengen for heile området innringa med raudt.

Ved regulering av eit vassdrag vil ein av hovudverknadene vere at det vil gå mindre vatn i elva. Eit hovudspørsmål er difor om det er noko langs elva som kan bli påverka av redusert vassføring. I dette høvet dreier det seg om ei elvestrekning med ganske tett vegetasjon på både sider, og vegetasjonen heng delvis over elva slik at vegetasjonen skaper stadvis tak. Dette skaper føresetnader for høg luftfuktigheit sjølv om det ikkje er fossefall som skaper vasståke. Dette kan bli påverka av langvarig redusert vassføring.

Vi har ikkje funne meir alm enn det som vi nemnte i vår fråsegn til søknaden. Men vi har sett til dels grov gråor, på litt avstand vurdert til tverrmål kring 50 cm. Vidare er det på delar av strekninga ein del læger av lauvtre i skråninga mellom enga og elva, spesielt på nordvestsida av elva. Det er også ein del stokkar som ligg ned i elva. Nokre av desse er nok også av bartre, komen med flaumen.

Innslag av epifytt-flora er varierende, men stadvis er epifytt-floraen rikeleg.

Av artsfunn som blei gjort no kan nemnast junkerbregne som ikkje er spesielt vanleg i området, og som må seiast å vere knytt til noko rikare område. Vidare blei det funne dronningmose på fleire stader. I søraustre delen av området blei det også funne ein del innslag frå lungeneversamfunnet. Det var mest lungenever og noko skrubbenever. Vrengene var så tørre at dei var vanskelege å bestemme. Sjølv om dei mest krevjande artane av lungeneversamfunnet mangla, så fortel dette likevel om noko kontinuitet. Sweco gjekk på kanten av skråninga på andre sida av elva, og har ikkje sett dette.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL

Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr

Korleis samsvarar dette med Sweco sine undersøkingar og konklusjon?

Sweco har ein gjennomgang av undersøkingane knytt til biologisk mangfald, jf. notat dagsett 13.9.2013: «Skogen er i stor grad relativ ung, med liten andel gamle, grove trær, det er begrenset med epifytter, og selv om det er noe læger og død ved vurderes kløfta ikke å ha spesielt store kontinuitetsverdier.»

Naturvernforbundet sine observasjonar kan oppsummerast på desse punkta omtrent slik:

- Skogen er stadvis ung, men ein del stader gjennom heile området har skogen stått til han har sjølvdauda.
- Det er på ein rekke stader læger av delvis grove stokkar som ligg i skråninga. Nedbrytingsgraden er varierende.
- Det er ein del stader læger som ligg ut i elva.
- Epifytt-floraen er stadvis betydeleg.
- Særleg på strekninga som går nord-sør innafor avgrensinga ovafor er det eit betydeleg tal tre med lungenever.
- Funn av t.d. junkerbregne og dronningmose ein del stader kan tyde på innslag av rikare jordsmonn.

Dette samsvarar ikkje særleg godt med det Sweco seier i nemnte notat:

Naturvernforbundet påbeker at ikke hele kløfta/dalen er inventert av Sweco på befaring, men at det i hovedsak er kanten som er gått. En grundig artsinventering og befaring av alle områder er dessverre ikke mulig med den tid som normalt settes av til befaring av slike prosjekter. Bratte kløfter, som den på prosjektrekningen, er også vanskelig og dels ikke framkommelige. Verdi må derfor ofte vurderes ut fra blant annet utforming av naturtypen, heller enn konkrete funn av rødlistearter. Metodikken er også utarbeidet slik at verdi kan settes ut fra andre kriterier enn artsfunn.

Naturvernforbundet er samd i at kartlegging kan skje utan at ein nødvendigvis får sett over heile området like nøye. Men det er vår påstand at Sweco har feilvurdert behovet for å sjå området heilt nede langs elva, og at dei har gjort ei rad feilvurderingar som følgje av dette. Dermed har ein ikkje eit grunnlag som kan brukast til å vurdere verknadene av ei redusert vassføring.

Kunnskapsgrunnlaget er godt nok viss ein vil avslå søknaden, men for dårleg til å kunne gi løyve til redusert vassføring.

Det ein framleis manglar ein del kunnskap om er samansetninga av epifytt-floraen der han er på sitt rikaste. Vidare må stokkane som ligg i kontakt med elva undersøkjast mellom anna for å klarlegge om det er raudlista artar som fakkeltvebladmose i området. Ei undersøking med tanke på artar som har råteved som substrat bør også gjennomførast på læger som ligg nærast elva. Samtlege av desse miljøa kan bli påverka av redusert vassføring i dette området.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL

Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr

2. Vurdering av naturtypelokalitet

Rådgivande Biologer AS har i samband med ny veg kartlagt området, i tillegg til at Sweco har gjort kartlegging i denne saka. Det er forskjellig oppfatning av verdien på lokaliteten.

Sweco vurderer at dette er en god beskrivelse av lokaliteten, men kan ikke se at dette oppfyller kravene for B-verdi. På grunn av at lokaliteten er relativt grunn og ikke har spesielt gammel skog vurderer vi den ikke som en velutviklet bekkekløft med kontinuitet i tresjiktet. Det er heller ikke mye bergvegger i området og ingen rødlistearter foruten alm (NT, registrert av Naturvernforbundet i Møre og Romsdal). Berggrunnen i området tilsier heller ikke spesielt potensial for kalkkrevende rødlistede arter. Lokaliteten må også sies å være godt undersøkt, med to uavhengige feltarbeid gjennomført av Sweco og Rådgivende Biologer, og usikkerheten er dermed relativt liten. I tillegg har Naturvernforbundet i Møre og Romsdal vært på befaringsforhold om at de kan ha funnet rødlistearter i sitt innsamlede materiale som ikke framgår av deres høringsuttalelse). På bakgrunn av det ovennevnte vurderer Sweco fortsatt at bekkekløften er av **C-verdi** (lokalt viktig).

Naturvernforbundet har vore inne på om lokaliteten egentleg er å rekne som naturtypelokaliteten ravinedal. Sannsynlegvis er det grus og ikkje finare masse i skråningane og då er det ikkje ravinedal. Når det gjeld verdien av bekkekløft er denne knytt til kontinuitet, variasjon og førekomst av bergvegg. Bekkekløfta skifter preg, slik at den øvre delen har innslag av furuskog og bergvegg, den nedre av lauvskog og ravineli. I nedre del er delar av lauvskogen såpass aldrande at han døyr på rot, og ein del av skogen som var før ligg no på bakken. Generasjonen før der igjen er truleg vekk som følge av hogst, slik at det manglar ein del på kontinuiteten, men han er ikkje heilt fråverande. Den midtre delen, overgangen mellom gråor-heggeskogen nedst til furu/bjørk øvst har såpass innslag av lungeneversamfunnet at det må reknast som eit greitt kontinuitetsteikn. Lokaliteten er elles 800 meter lang slik han er definert av Rådgivende Biologer AS, og har såleis ein viss storleik. Det er elles få inngrep i lokaliteten. På strekinga vi gjekk no kan dette oppsummerast som to bilvrak i skråninga, i tillegg til ca. 20 grantre. Dette gir etter vår meining meir enn verdi C. Verdi B bør leggest til grunn. Sweco har undersøkt for lite av området til at dei har oppfatta verdiane.

På nedsida av E39 er det i alle fall ei øy i elva som må reknast som flaummarksområde. Det kan nok vere noko meir usikkert kva som er rett vurdering på både sider av elva, sidan ein her klart har gråor-heggeskog i ein gjengroingsfase etter at det tidlegare har vore beitepreg. Men flaummarksskogen og elvebreiddane er aleine grunn nok til at det skal vere ein lokalitet i området.

3. Verdiane i dette vassdraget samanlikna med andre vassdrag i kommunen/regionen.

I søknaden var det ikkje gjort vurderingar av Hennaelva opp mot vassdrag i kommunen/regionen. I notatet av 13.9.2013 er det gjort eit forsøk når det gjeld naturtypen bekkekløft. Det blir sagt at det ikkje er påvist bekkekløft i andre vassdrag i Halså kommune. Det er berre delvis rett. Det er avgrensa ein fosseeng-/fossesprøytelokalitet i Skallelva ved Rognskog fordi dette var meir høveleg sidan bekkekløfta hadde lita utstrekning. Det burde ha vore avgrensa ein lokalitet i Stokkelva, eventuelt at denne blei delt opp i fleire. Lokaliteten ved Stokkelva er ikkje særleg nøyse undersøkt eller avgrensa. I både desse vassdraga er det søkt om bygging av kraftverk. Bekkekløfta i Hennaelva har ein type kvalitetar ein ikkje finn dei to andre stadene.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL

Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr

Når det gjeld elles i fylket seier Sweco at det er 17 med verdi A, 41 med verdi B og 17 med verdi C. Det blir ikkje sagt noko om kor mange av desse som har fråført vatn som følgje av kraftverksbygging, andre inngrep eller er omsøkte. Ved ein gjennomgang av lokalitetane med A- og B-verdi kjenner vi igjen ein del namn vi set i samband med tidlegare kraftverksøknader. Innafor kartutsnittet nedanfor finst det 8 lokalitetar med A-verdi. Av desse ligg Fjellbekken i nabofylket, Gryta, Bulu og Svorka i Rindal er vel alle regulert, Bøverdalen i Surnadal, likeeins. Korleis det er med Røsåa i Surnadal, Almdalen og Askjellsåa i Rindal har vi ikkje oversikt over.

På same utsnittet er det 14 lokalitetar med B-verdi. Statusen er omtrent den same for dei. Det er dessutan mange av desse lokalitetane som har andre eigenskapar enn lokaliteten ved Hennaelva.



Naturvernforbundet skal ikkje påstå at det ikkje finst bekkekløftlokalitetar tilsvarande Hennaelva innafor Halså kommune og nabokommunane. Men Sweco har heilt klart ikkje gjort særleg mykje for å fortelje kva lokalitetar som kan samanliknast og som ein kan rekne med vil vere intakte i framtida. Såpass må ein få klarlagt når ein tar for seg av dei siste vassdraga som kan byggast ut med småkraftverk. Viss ei slik kartlegging fell utanfor den økonomiske ramma som kan påleggast småkraftverksøknadene, er det vår påstand at då har ein ikkje føresetnad til å vurdere dei siste vassdraga som er igjen.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL

Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr

4. Litt nærare om vurderingane som er gjort

Sweco har i notatet av 13.9.2013 kommentert moglegheita for at naturtypen ravinedal finst i området. Dei har sagt at det ikkje er registrert andre lokalitetar av ravinedal i fylket, truleg fordi naturtypen er nydefinert. Vidare seier dei at det truleg er lite potensial for at det er mange lokalitetar av høg verdi av denne naturtypen i fylket. Så langt er vurderingane greie. Deretter seier dei ikkje noko meir. Her glapp det kraftig. Viss det var rett at denne naturtypen ikkje er vanleg i fylket, og at han finst her, så er det eit heilt vesentleg moment i saka. Ein naturtype raudlista VU kan ein ikkje berre oversjå fordi ein har lite kunnskap om dette. Dette er dårleg handverk frå Sweco si side, og NVE kan ikkje sleppe slikt igjennom. Slike feil svekker tilliten til ein del av det andre som er gjort i saka.

I same biletet høyrer det med at ei stor strekning berre er gått i jordekanten og ikkje langs elva. Ruta som er innteikna følgjer overgangen mellom elvedalen og dyrkamarka på ei lengre strekning. Den aktuelle datoen vil det normalt ha vore grøn lauvskog, og vegetasjonen er såpass tett her at ein berre vil kunne skimte elva i botnen av dalen. Den andre sida av elvedalen let seg vanskeleg observere i det heile på denne måten.

Det er gjort ein liten avstikkar ned i elva, omtrent på den staden der det er funne alm, utan at alma blei observert. Sweco si rute i følge BM-rapporten:



Figur 5

Rød strek angir befaringsrute 18. mai. Stjernene viser lokaliteter hvor det ble samlet inn lav og mose. Ved de gule stjernene ble det samlet inn i bekkekløft, mens det ble samlet inn i sprutsone fra foss ved den blå stjernen. Hvite trekanter markerer lokaliteter hvor det ble utført elektrisk fiske 22. juni 2009.

5. Nye funn og observasjonar frå 26.2.2014.



Ei relativt høg alm der ein kan sjå ryemose omtrent heilt til topps Såpass utprega som dette finn ein ikkje i så mange vassdrag i området.



Sisselrota veks i lag med fleire moseartar fleire meter opp på stammene. Dette er eit klart teikn på fuktig miljø.

Innslaget av epifytt-flora er såpass kraftig at det fortel klart og tydeleg om ein elvedal med høg og ganske stabil luftfuktigheit. Det er veldig lite undersøkt kva denne epifytt-floraen består av. Det er veldig lite undersøkt kva andre artar som kan finnast saman med denne epifytt-floraen.



Det er i grunnen ikkje så lett å finne meir epifytt-flora enn det ein kan sjå på dette biletet, det er rett og slett ikkje plass til meir.



Artskart 5.3.2014, før ny kartlegging langs Hennaelva, raud prikk = dronningmose, blå prikk = junkerbregne

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL
Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr

Arter/artgrupper

- lungenever *Lobaria pulmonaria*
- dronningmose *Hookeria lucens*
- junkerbregne *Polystichum braunii*
- ★ ikke koordinat - kun kommune
- kun observasjon (mindre symbol)

Funntype:

- ☒ Funn med belegg
- ☒ Observasjon av arter

Kilde:

- ☒ Artsobservasjoner.no
- ☒ Miljølære.no

- ☒ Rovbase

Koordinatpresisjon :

Alle



Frå Artskart 14.3.2014. Observasjonar av lungenever, dronningmose og junkerbregne.

Særleg frå Storhaugen og nedover vassdraget ligg det ein god del grov ved i dalsida, og ein god del også ut i vasstrengen.



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL

Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr



Sjølv om det ikkje er like mykje daudved heile strekninga, er det på sine stader betydelege mengde daudved som ikkje kan oversjåast. Ein del av daudveden har direkte kontakt med elva og vil bli

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL
Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr

påverka av endra vassføring. Læger liggande i kontakt med elva er ein typisk stad der ein mellom anna kan finne fakkeltvebladmose (VU). Finst han her, vil han vere truga av redusert vassføring.

Naturvernforbundet har meir materiale etter synfaringa 26.2.2014 som ikkje er gjennomgått. Om dette skulle bringe fram noko av spesiell interesse, skal vi kome tilbake til dette. Elles har Naturvernforbundet sin representant ein del manglar i kunnskapen når det gjeld mose. Manglande funn av spesielt interessante artar er i dette høvet ikkje noko klart teikn på at dei ikkje finst i dette området.

6. Kraftstasjonsplasseringa

Omsøkt kraftstasjonsplassering er uheldig. Det skal godt gjerast om ikkje flaummarksskogen på øya rett ved kan bli påverka over tid. Forseringa ned bakken inn til kraftstasjonen med røyret vil føre til eit betydeleg gravearbeid. Vegframføring frå nedsida langs elva vil nødvendigvis skape inngrep i kantvegetasjonen langs elva.

Sidan det er anadrom strekning av elva nedanfor, vil ikkje ei flytting av kraftverket noko nedover vere greitt heller. Truleg må ein leite på oversida av hovudvegen for å finne ei plassering der verknadene er meir akseptable.



Frå nedkant av øya i elva, i retning område for kraftstasjonen, ein del av flaummarksområdet i framkant

Konklusjon

Elva er for lite undersøkt til at ein har klarlagt vesentlege verdiar, og verknader av eit kraftverk. Det må gjerast undersøkingar av daudved knytt til heile elvestrengen, og vidare av epifytt-floraen på delar av strekninga. Det er også nødvendig med ein meir detaljert gjennomgang av tilsvarande naturtypar knytt til vassdrag som ikkje er bygd ut med kraftverk eller andre inngrep i regionen.

Med kunnskapsgrunnlaget som er brukt i vedtaket og dei manglane som er påvist i denne klaga, må søknaden avslåast.

Med vennleg helsing

Øystein Folden
leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal